

# indremisjons Venner

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

05 - 2019





Layout: Jan-Ove Fagerheim  
Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S  
Red.: Marit H. Ådnanes  
Indremisjonssamskipnaden  
Postboks 150, 5401 STORD  
Tlf.: 53 41 07 04  
Bankgiro: 8220.02.80454  
Opningstider Indremisjonskontoret:  
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00  
Fredag: Stengt  
Heimeside: [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)  
E-post: [post@indremisjonen.no](mailto:post@indremisjonen.no)  
[www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden](http://www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden)

#### IMS-styret

Ole Bernar Innvær, formann  
Liv Ingunn H. Medhaug, nestformann  
John Morten Espevik  
Mirjam Eide Gravdal  
Oddvar Martin Torget  
Olaug Fagerheim  
Bernt Arild Gjøvåg

#### Vara:

Linda Aase  
Bjørn Saghaug  
Randi Eiken Brekke

#### Helgatun

5713 VOSSESTRAND  
Telefon: 56 51 98 98  
Bankgiro: 8220.02.80497  
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen  
Heimeside: [www.helgatun.no](http://www.helgatun.no)

#### Brandøy

5584 BJOA  
Telefon: 53 76 98 81  
Bankgiro: 8220.02.80470  
Dagleg leiar: Andreas C. Våge  
Heimeside: [www.brandoy.no](http://www.brandoy.no)

#### Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND  
Telefon: 56 55 05 00  
Bankgiro: 8220.02.80292  
Rektor: Harald Voster  
Heimeside: [www.framnes.vgs.no](http://www.framnes.vgs.no)

#### SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord  
Telefon: 53 41 20 01  
[www.sunnbok.no](http://www.sunnbok.no)

#### Framsida-foto:

Frå Go'fredag  
på Leirvik bedehus  
27. september

Gi di gåve med  
**vipps**  
Vipps-nummer: 102696

*Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,  
vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.*

## Ei forkynnarrørsle i nedgang

Leiar av  
Johannes Olsen  
UNG-leiar, IMS



**Tida der det var møteveker** minst ein gong i månaden i kvar ei bygd er forbi. Det vert færre og færre etter-spurnadar etter møteveker. Bygdene vil helst ha søndagsmøte, eller ei møtehelg. Dette gjer at det er vanskeleg å ha fleire forkynnarar i full stilling. I tillegg er det færre på møta, og mindre i kollekt.

**Sit du igjen** med ei negativ kjensle etter å ha lese denne innleiinga? Då er du ikkje åleine. Mange strevar med desse tankane kvar gong dei møtes i det kristne fellesskapet. Og det er jo realiteten. Spørsmålet me må stilla oss er kva tid me tenker at botnpunktet er nådd. Kor tid er me villige til reisa oss igjen, bygga opp igjen, og fremma Guds rike? Eg tenker at den tida er no, og vil peika på eit par ting som allereie skjer i ImF og IMS, og kva eg trur me kan gjera lokalt for å fremma forkynninga av evangeliet, og skapa vekking og vekst i bygdene.

**Eg er nett komen oppmuntra heim** frå Lederkonferansen og generalforsamlinga til ImF. Det er oppmuntrande å få vere ein stad der folk frå ca. 20-80 år talar Guds ord til kvarandre, ber for kvarandre, velsignar kvarandre, heiar på kvarandre og hjelper kvarandre. Og i tillegg kan lovsynga saman, lytta til Gud saman, le saman, gråta saman. Det er som å vera i ein kjempestor familie. Me treng å møtast i storfellesskapet som på Lederkonferansen, der over 500 menneske var samla, men òg som fem stk. på det lokale bedehuset eller i ein heim.

**Det er viktig og nødvendig** å møtast på tvers av generasjonar, og å stå saman om det å følgja Jesus. Men eg trur det er ein ting som er endå viktigare for å snu den negative realiteten med at færre og færre får høyre Guds ord og bli møtt av evangeliet, og løysinga på det, finn me i røtene våre. Før møteveker og vekkingar var vanleg, før bedehusa var bygd, kva gjorde me då? Jo, då kjempa mødre og fedrene våre for at alle skulle få lesa i bibelen, at ikkje berre presten kunne forkynna Guds ord, og at det var lov å møtast kvar som helst for å høyra evangeliet. Eg opplever at dette er kampar me må kjempa på ny. No tenker mange at dei har det for travelt til å lesa i bibelen, at det berre er når me får forkynnarar på besøk at me kan møtast for å høyra Guds ord, og at me må vera på bedehuset for at Guds ord skal få verka.

**Derfor er mi oppmoding** til alle i IMS-land; at me kjempar kampen mot travelheita, og brukar tid med bibelen. Dette gjeld både kvar for oss og saman som fellesskap, sjølv om me ikkje har møte. Og at alle saman har ein stad der dei kan fortelja om si tru på Jesus, og kva han har gjort for dei. Og at minst halvparten av forsamlinga tenker at Gud har gitt dei nok visdom og kraft til å forkynna Guds ord for fleire. Og sist, men ikkje minst, at me kan møtast kvar som helst som kristne, og at evangeliet treng å bli forkynt utanfor bedehuset òg. For i denne tida er det der dei fleste som treng å høyre evangeliet er.

**Eg gler meg** til Lederkonferansen 2020, og eg gler meg til å sjå kva Jesus gjer i ditt liv i mellomtida! Gud velsigne deg!


## Økonomien

Kalde, klare dagar viser at vinteren er på veg. Vi er komen til midten av november, og det går raskt mot årsslutt og status for IMS sitt rekneskap for 2019. Pr. oktober har vi eit stort underskot, men det er «vanleg» på denne tida. Spørsmålet er berre kor stort det er, og om vi klarar henta det inn i løpet av dei to siste månadane. Slik gåvebarometeret viser har inntektene vore noko lågare i år enn i fjor. Dette håpar vi vil retta seg gjennom ei god julegåve på giroen som snart vert sendt ut til alle abonnentane av IndremisjonsVenen, i tillegg til gode lagsgåver frå alle foreiningane våre.

Kostandane er noko lågare i år i forhold til fjoråret på same tid.

Vi har budsjettert med inntekter for 2019 på kr. 5 585 000,- og pr. oktober har vi fått inn kr. 3 015 700,-. Det er budsjettert med utgifter på kr. 5 784 000,- og pr. oktober har vi brukt kr. 4 754 400,-.

**GÅVEBAROMETER:**  
lagsgåver, gåveaksjonar  
og gjevarteneste pr. 31. oktober



**Ynskjer du å bli fast gjevjar?**

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller du finn skjema på [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)



# Ingen rekkeviddeangst



**Andakt av Tor Espen Kristensen**  
Engasjert på Horneland bedehus



**Stadig flere kjører** i dag med elbil og med det har vi fått et nytt ord i språket vårt: rekkeviddeangst. Å ha rekkeviddeangst betyr å være redd for at batteriet går tomt før du når fram til neste lade-stasjon. Det er ikke bare på elbiler en slik frykt kan oppstå. Selv har jeg flere ganger kikket bekymringsfullt på bensinmåleren – holder det helt fram? Ting vi forbruker kan rett og slett gå tomt! Vi kan bruke opp energien på batteriet. Bensintanken kan gå tom. Hvordan er det så med vårt forhold til Gud? Går det an å bruke opp Guds nåde? Du har kanskje falt i en synd som du strever med. Du har vendt deg om og bedt om nåde. Men så er problemet at du har gjort dette så mange ganger. Du får en snikende følelse av at du nå har brukt opp Guds

nåde. Frimodigheten du en gang hadde er i ferd med å forsvinne. Kan Gud virkelig elske en som meg? I Salme 136 blir uttrykket «evig varer hans miskunn» brukt 26 ganger. Det hebraiske ordet (checed) som er oversatt med miskunn er et rikt ord som betyr nåde, miskunn, godhet, vennlighet og trofasthet. Vi kunne oversatt de 26 uttrykkene i salme 136 som hans standhaftige kjærlighet tar aldri slutt.

**I Salme 136** er Guds godhet begrunnet i alt det Gud har gjort for folket. I versene 4 – 9 prises Gud som den gode skaper. I versene 10 – 22 prises Gud for den frelse han har vist folket ved at han berget dem ut av Egypt og gav dem det lovede land. Evig varer hans miskunn!

**Vissheten om dette** er altså grunnet i alt det Gud har gjort for folket. Også vi kan synges denne salmen. Hvordan vet vi at Gud elsker oss? Han har også handlet for oss i historien. Johannes skriver: «Hva kjærlighet er, har vi lært av at Jesus ga sitt liv for oss.» (1. Joh 3:16). Jeg vil oppmuntre deg til å repetere daglig alt det Gud har gjort for deg. Neste gang du faller kan også du si at Guds miskunn tar aldri slutt. Han elsker deg like mye i dag når du falt, som den dagen da du følte Gud så nær. «Men Gud viser sin kjærlighet til oss ved at Kristus døde for oss mens vi ennå var syndere.» (Rom 5:8) Evig varer hans miskunn! Du trenger ikke å ha noen rekkeviddeangst!

## Indremisjonssamskipnaden inviterer til Forsamlingskonferanse

Norheimsund Bedehus  
Laurdag 7. mars kl. 1100 - 1700


Marit Hårklau Ådnanes, Johannes Olsen,  
Gunnar Ferstad og lokale bidragsytarar

Pris kr. 300,-

Påmelding innan tysdag 3. mars til  
[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)



ims



## BØNE SPALTA

### BE FOR:

- styrearbeidet i foreiningane våre
- deltakarar og leiarar på vinterleirane våre
- ungdomane som kom til tru på Jesus under Pit Stop
- budsjettarbeidet og ei god julegave

### BE OM:

- Guds velsigning over alle som arbeider med Julemessene våre
- at menneske rundt deg må få oppleve at «Guds standhaftige kjærlighet tar aldri slutt»
- leiarar til alle leirane våre

### TAKK FOR:

- alle som arbeider på Brandøy, Helgøen, Helgøenlia, Framnes, SunnBok og IMS
- at Kraft-helga vart ei helg til glede og oppmuntring
- alle som hadde ansvar og deltok på Pit Stop

## Sommarens Storsamling 19.-21. juni

ims  
Indremisjonssamskipnaden

Framnes, Norheimsund

Hovudtalar: Asbjørn Kvalbein



# Go'fredag...

på Leirvik bedehus

**Småbord, haustfarga blomar** og levande lys kunstferdig dandert mellom mose, murstein og rognebær. Så utrolig vakkert det er å kome inn i møtesalen på Leirvik bedehus denne regnfulle septembrefredagen! Her ligg det mykje omtanke og syn for det vakre. Det gjer oss opne for at det skal bli ein skikkelig GO' FREDAG!

**Eit 70-tals menneske** i variert vaksen alder, fyller etter kvart rommet med godlyd. Det er tydelig kjekt å sjå kvarandre. Og det er mellom anna akkurat det denne kvelden skal ha fokus på: Å sjå kvarandre! Eller: Å SJÅ SLIK GUD SER!

**Det er Roar Flacké**, dikstriksleiar i Normisjon Rogaland, som har teke utfordringa å dele tankar om dette emnet. Det blir ei velsigna stund! Vi får malt eit bilete av ein Gud som vaker over oss med eit kjærleg blikk. Ein Gud som ber oss kome så nær at han får prege tanken vår i kvardagen. Han ynskjer å gjere oss til sine disiplar som har blikket løfta oppover mot Han, vendt utover mot dei vi møter, og framover mot målet!

**Fellessong gir høve til respons** på det vi har høyrte. Eit potpori av kjære kjende bedehussongar, inspirerer tydelig til å synge ut! Håkon Tolås er vår inspirerande lovsongsleiar denne kvelden, og skaper gåsehudfaktor

både med sitt akkompagnement og sine instrumentale innslag! Ein rikt utrusta mann, både musikalsk og åndeleg! Ei stor takk til han for hans formidling. Takk også til Eva Lise Helland for varm og vakker song og diktformidling! Dei tilhører begge to Sion på Moster.

**Nokon har jobba** i kulissane nok ein gong. Heimelaga supper og brød på rekke og rad, osar av vellukt. Her er det berre å nyta! Kaffi og dessertbord toppar kvelden. Takk til dei som har lagt til rette for kvelden, nok ein gong, og som ser dette som si teneste for Gud. Vit at det har vore til glede og inspirasjon for mange!

Marit Lindekleiv



God stemning blant dei framømte


## Fire på teneste- og leiarkonferanse -Kva sit



Rune Hjelmeseter, Bråtveit

Då eg såg programmet, vart eg glad. Dette er midt i det me held på med. Eg har blitt utfordra på Guds perspektiv contra mitt. Me må ikkje jobba for mykje i eiga kraft. Det traff meg også veldig om me lar barna sjå at me er avhengige av Jesus. «Safer» me for mykje? Thomas var frisk, og satte

fingeren på mykje. Det var godt å koma her. Eg kjenner at eg er del av noko større. Det var god og inspirerande samling, og eg likte formatet på dagen.



Ragnhild Nesse, Meling

Eg vart inspirert av å møta andre som står i arbeidet rundt omkring. Det vart gode samtalar rundt måltida. Det var god undervisning, og eg vart utfordra på kva perspektiv ein har på livet og arbeidet. Eg er glad for at undervisninga vart tatt frå eit breidt perspektiv, der eg vart utfordra på ein god måte.



# KRAFT-helg

Linda Aase og Eirik Stensland i samtale med Sara og Torbjørn Brosvik (t.v.) under «Vi møtest»



For andre året på rad arrangerte IMS teneste- og leiarkonferanse, som del av tidlegare haustmøtehelg. Me valde i år å kalla heile helga KRAFT-helg. Dette inkluderte Go'fredag, konferanse laurdag, «Vi møtest» om kvelden og lokale møter søndagen.

Laurdagen vart ein innhaldsrik dag med fellessesjonar, ulike nettverk, seminar og glimt frå det lokale arbeidet. UKS-bandet på Leirvik leia oss i lovsong gjennom dagen. Evalueringa frå konferansen seier at nokre syntes dagen vart intens og lang. Samtidig fekk mange nyttig hjelp og påfyll, og opplevde dagen som relevant. Det vart satt fokus på viktige tema der ein vart utfordra, og fleire opplevde det godt å treffa andre frå distriktet som jobbar for same mål.

I tillegg til eigne tilsette og lokale bidragsytarar, var ImF-ung leiar Andreas Evensen og pastor i Bedehuskirken, Thomas Rake, med denne dagen. Evensen og Rake utfordra oss gjennom tema: «Læra å halda alt eg har bode dykk!», og «Er det stengt for evangeliet i Noreg i 2020?». Me anbefalar deg å høyra talane som podcast på nettsida vår: [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no).

Under «Vi møtest» laurdag kveld, heldt Andreas Evensen tale og Kjerstin Handeland Stokken og sonen Ole André leia i allsong, samt song solo. Sara og Torbjørn Brosvik delte ærleg frå livet og trua i kvar dagen.

## Konferansen vert flytta frå haust til vinter

Det skjer mykje i løpet av helga, og det blir travelt for dei som ynskjer å få med seg fleire av arrangementa. At konferansen også kjem såpass tett opp mot ImF sin leiarkonferanse, har ført til at administrasjon og IMS-styre no har bestemt at konferansen vert flytta til vinterstid. Me har også fått fleire innspel på dette frå deltakarar. Neste konferanse vert då vinteren 2021. Hausten 2020 vert det tilnærma lik Haustmøtehelg som me har hatt tidlegare år.

## du igjen med etter dagen?



Per Egil Sæter, Huglo

Det var veldig fint å vera med. Talarkreftene var unge og flinke. Det var også bra at det var så mange unge deltakarar. Det lovar godt for framtida. Eg vart utfordra på korleis me skal få med oss fleire på bedehuset. Kva grep skal me gjera? Det vart ein inspirerende dag, sjølv om det også er ting som utfordrar.

Kari, kona, og meg vil ta tankar tilbake til bedehuset vårt.



Eline Hellesøy, Sagvåg

Det var spennande å høyra tankar og talar som gjerne meir var berekna på vaksne personar. Så var det kjekt å få bidra med lovsong under konferansen. Ungdomsnettverket var veldig interessant. Konkret sit eg bl.a. igjen med at eg må senka forventningane

til meg sjølv, og at det er viktig å sjå andre. Me bør ikkje gå hardt ut mot personar, utan at me kjenner dei, og veit kva som ligg bak.



# Klebytestund, utelunsj og nye venskap

Anne Marie Solsvik, Annbjørg Husevåg Kløve og Birgit Hjelmeland var nok ein gong komite for årets damehelg på Helgatun, 20.-22. september, der rundt 50 damer deltok.

Anne Marie Solsvik hadde på ein framifrå måte understreka temaet for helga gjennom ulike dekorasjoner. «**For hjå deg er livsens kjelde**» var overskrift for helga. Fontener med rennande vatn sildra i bakgrunnen då Jorunn Eikemo på sin audmjuke og fine måte forkynte og ausa av «gledesbekken» for oss.

Fleire vitnesbyrd om korleis «livet ved kjelda» har vore, vart bore fram. Dette var sterke historiar frå levde liv. For ein mektig Gud me har! Olaus Skjerve Gravdal, Grete Fjeldheim Måkestad og Hildebjørg Djupvik glede og velsigna oss med himmelvende tekstar og tonar gjennom fine songar. Gruppa frå Voss kallar seg «Me tre».

Laurdag var det lagt inn galleribesøk til kunstnaren Arne Mørkve frå Myrkalden. Der fekk dei besøkjande sjå trefigurar, grafikk og landskapsbileter m.m. Andre nytta høve til å gå fjelltur i det nydelege haustveret. Ein herleg utelunsj møtte oss tilbake

på Helgatun, innleia av Guds ord og diktlesing. Laurdagskvelden var det duka til nydeleg festmiddag. Takk til den dyktige kokken!

Alvor og latter gjekk hand i hand. Gamle venskap vart pleia og nye etablerte. «Klebytestund» vart det òg. Brukte klede vart selde og inntekta skal gå til nye stolar i møtesalen på Helgatun. Fornøgde damer kom heim med fleire nye klede til haustgarderoben.

Takk til dykk som gjorde alt for at me som deltakarar fekk drikka av kjelda og samla nye krefter. Alt til Guds ære!

May Britt Røyrvik



## Ute med si fyrste bok

Ove-Kjell Sakseid bur i Norheimsund, og er med i samanhengen vår der. Nyleg kom han ut med si fyrste bok, der han går djupare inn i ulike namn på Gud og betydningen av desse. Norunn Rød Markhus og dottera Oline har laga teikningar til stykka.

### Kor fekk du ideen frå?

Eg har eit behov for å lesa og studera. Eg ville bli betre kjent med innhaldet i Bibelen. I tre-fire år har eg studert ulike namn på Gud. At eg kunne skriva bok om dette kom til litt etterkvart. Boka er slik sett eit biprodukt.

### Rundt 150 namn

Mange er nok overraska over kor mange ulike namn det er for Gud i Bibelen. Rundt 150 namn for den treeinige Gud noterte Ove-Kjell seg. 115 av desse har fått plass i boka. Kvart av namna fortel noko viktig om Gud; kven han er, korleis han er, kven han er Gud for og liknande. Det har gitt meg overskot og ro å jobba med boka, seier Ove-Kjell. Eg har fått eit rikare forhold til Bibelen og også forhold til Gud.

Boka kan du få kjøpt ved å henvenda deg til SunnBok.





# Forsamlingar ut på tur

## Helgatun-weekend

I over 20 år har Samnanger Misjonsforsamling reist saman på forsamlingsweekend, eller Helgatunweekend som dei kallar det. No i september var dei igjen tilbake på Helgatun.

Leiar i Misjonsforsamlinga, Ivar Berland, fortel at det betyr mykje å få vera saman på denne måten. Me byggjer viktige relasjonar. Barn som no er blitt vaksne og har etablert seg med familie, kjem tilbake. Dei har gode minne frå desse helgene, fortel Berland.

Heile forsamlinga, med alle generasjonar blir med ei slik helg. Denne gongen var me over 50 personar, der rundt 20 av dei var barn og ungdom. Me opplever også at familiar som ikkje går i forsamlinga blir med, og det er veldig inspirerende.

Programmet for helga er ganske likt frå år til år, og det verkar. Folk trivest. Me pleier å ha med talar frå organisasjonane me er tilknyta, NLM og ImF/IMS. Denne gongen var Turid Toft Amena og Lise Marie Thuestad Litlabø med. Det er eigne bibelsamlingar for vaksne og barn,

men også samlingar saman. Fredag kveld var det dessutan treffpunkt for ungdomane. Laurdag har alltid vore turdag. Søndagen har me bibelsamling og sporleik. Me har det godt på Helgatun, seier Berland.



Fellesskap og aktivitet på Samnanger Misjonsforsamling sin weekend til Helgatun

## Vegen inn i fellesskapet

Laurhammer og Meling sin tradisjon med å reisa på forsamlingsweekend er ganske nystarta. I fjor haust var første gongen. Det vart ein så ubetinga suksess at me då booka ei helg på Brandøy kvar haust fem år framover, seier Eivind Olsen Engen, eit av medlemmene i arrangementskomiteen.

Ein slik weekend styrkjer først og fremst fellesskapet og byggjer relasjonar, men like viktig er den oppbyggjande delen. Då eg og familien flytta heim til Bømlø for to år sidan, var me på utkikk etter eit fellesskap å høyra til i. På weekenden i fjor vart me kjende med mange flotte menneske i alle aldrar. For oss vart det vegen inn i fellesskapet på bedehuset, og me følte oss veldig velkommen og inkludert. Weekendane har bidratt til at fellesskapet er blitt mykje meir samansveisa. Resultatet er mykje folk, liv og røre på storsamlingane på Laurhammer bedehus annankvar søndag.

Sjølv om det er flest bedehusfolk som reiser ei slik helg, er helga veldig open for folk utanfrå også, fortel Eivind. I år var yngste deltakar sju månader, og dei eldste godt over 80 år. Alt i alt var me om lag 75 deltakarar.



Deltakarane var med å laga helga så bra som ho vart. Då talar måtte melda avbud, steppa fleire inn og tok andaktar og bibeltimar. Me hadde kveldssamlingar i peisestova med bøn, Gudsord, lovsong og delestund. Laurdagen var det bibeltime for dei vaksne, og opplegg for borna delt i grupper etter alder. Etterpå var det konkurransar og felles aktivitetar som alle var med på, der engasjementet var stort hos unge og eldre. Me hadde og basar til inntekt for Brandøy, og på søndagen var det familiemøte med nattverd. Innimellom alt dette hadde me mange gode måltid saman, med god mat frå kjøkkengjengen på Brandøy, seier Eivind.

Forsamlinga frå Laurhammer og Meling på weekend til Brandøy i oktober. Her frå lagkonkurransen, der ei av oppgåvene var å laga høgast tårn av spaghetti og marshmallows.





# Barne- og ungdomssidene



Lise Marie  
Barne- og fam.arbeidar

## Leirar framover

### Brandøy: Helgaton:

#### Tweensweekend

5.-7. klasse  
6.-8. mars  
Pris: 750,-

#### Skileir

8. klasse+  
7.-9. februar  
Pris: 850,-\*  
\*heiskort kjem i tillegg

#### Juniorhelg

4-9 år med følgje  
20.-22. mars  
Pris: 630,-/1150,-

#### Superhelg

0-9 år med fylgje  
5.-7. juni  
Pris: 630,-/1150,-

#### Påskefestival

8. klasse+  
3.-7. april  
Pris: 1300,-

#### Minileir

2.-4. klasse  
23.-25. juni  
Pris: 750,-

#### Sommarminileir

2.-4. klasse  
23.-25. juni  
Pris: 750,-

#### Tweensweekend

5.-7. klasse  
23.-25. juni  
Pris: 750,-

#### Sommarleir

5.-7. klasse  
26.-28. juni  
Pris: 750,-

#### Familieleir

ALLE  
1.-5. juli  
Pris: maks 6000,-\*  
\*3-7 år=930,-  
8-12 år=1060,-  
13-16 år=1220,-  
Vaksen=1730,-

Meir info finn du på nettsida vår under fana "leir". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)  
[post@indremisjonen.no](mailto:post@indremisjonen.no)  
tlf 53 41 07 04

# ims

Indremisjonssamskipnaden

*Med Guds ord til folket*



[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)

## Pit Stop Leirvik 2019

Pit Stop Leirvik feirar 10-årsjubileum neste år og har blitt arrangert kvart år sidan 2011. Dette året gjekk Pit Stop av stabelen 10.-13. oktober på Leirvik bedehus.

Pit Stop inneheld mykje på ei langhelg. Møter, bibeltimar, lovsong, seminar, mat og aktivitetar. Det blei også vitja av nærare 140 ungdommar, på det meste. Det sit igjen å sjå ungdommar som kosar seg og har det kjekt. Ungdom som noterer under møte og seminar. Me har hatt mykje godt sosialt denne helga. Mest inntrykk gjer det likevel å sjå ungdommar som gir seg over til Jesus. Dette fekk me vera vitne til på Pit Stop Leirvik 2019. Nokre tok imot Jesus for første gong, nokon fekk gå nokon steg nærare Gud og nokon opplevde at Gud tok vekk plager til helbredelse. Under tema «Nærare» fekk me sjå ein Gud som verkeleg er trufast og vil koma nærare. Kan me oppleve noko meir spennande enn å sjå Gud gjera si gjerning hjå oss og gjennom oss?



Lovsangsteamet Link,  
Pit Stop Leirvik 2019





Johannes  
Ung-leiar IMS

Eirik  
Ungdomsarbeidar

# Mitt bibelvers!

Han skal tørka kvar tåre frå auga deira, og døden skal ikkje vera meir, og ikkje sorg og ikkje skrik og ikkje pine. For det som ein gong var, er borte.

Op. 21,4

Hanna Lovise Vestbøstad, 12 år, Fitjar.



## Haustrreff og Nattcup

Siste helga i oktober hadde IMS besøk av Hartvig Kloster og Hermond Berhane frå Open Air Campaigners (oac.no). Dei to evangelistane var først på Brandøy der dei underviste for deltakarane på Haustrreff. Her hadde dei seminar om kreativ formidling og lærte ungdommane ulike måtar å formidle kristen tru på.

Laurdag ettermiddag tok dei ferja over til Kvinnherad, der ungdomsarbeidet på Husnes bedehus for 18. år på rad hadde Nattcup i innebandy i Husneshallen. Her var det stor stemning og stort engasjement under kampane, og i programdelen mellom innleiande gruppespel og sluttspilet hadde Hartvig og Hermond eit flott opplegg. Gjennom trylletriks og maling m.m. formidla dei budskapet om Jesus på ein svært så kreativ og fengande måte for dei meir enn 200 framfmøtte.

Søndag formiddag gjekk turen til bedehuset Zoar på Halsnøy, der indremisjonen inviterte til Inspirasjonsmøte med tema: "Korleis verta meir frimodige i kristenlivet vårt?"



Sjå VIDEO som Hartvig og Hermond sjølv har lagt ut!

(Krev ein QR-lesar på mobilen din.)

## UNG-leiars kommentar

### Lagsarbeid

Eg er så taknemleg for arbeidet som er lagt ned i Awana. Tenk kor kjekt det blir om nokre år, når barna har lært å snakke om trua si heime, og når bibelen fører til handling. Me treng ein ny generasjon som veit kva som står i bibelen, og gjer etter det.

Mvh Johannes Olsen, UNG-leiar, IMS

Janne Hystad blir utsatt for gospeltrylling på Haustrreff



Svein Olav Fagerheim og Andreas Hellesøy viser et triks på Haustrreff



NATTCUP på Husnes





# ConTeenNew

## - Presentasjon av konfirmantane i IMS

Me er så heldige i år at me har 10 konfirmantar i Indremisjonssamskipnaden. Det er ein flott gjeng med ungdommar, kvar einaste ein av dei. Konfirmasjonsopp-  
legget inneber åtte undervisningsdagar, to helgeturar, ein utlandstur med misjonsfokus og sjølve konfirmasjonsdagen. Konfirmantane får undervisning i grunnleggande tema rundt kristen tru frå skapinga til syndefallet, om treeininga, misjon og til verda ein dag tek slutt. Me opplever å ha med oss ein engasjert flokk som stiller spørsmål og som undrar seg saman med oss. Me er utruleg glade for at me får vera med eit stykke på vegen med desse ti konfirmantane og oppfordrar deg som misjonsven om å vera med og be for oss. Be for dei ti konfirmantane som du ser namna på her. Leiarane er Bernt Arild Gjøvåg, Hilde Kristin Hystad, Kjerstin Handeland Stokken, Kjetil Fyllingen, Sindre Aarbø, Johannes Olsen og Eirik Stensland.

På bilete ser me framme f.v.: Elina Hallaråker, Martine Matre, Andrea Teistdal Dyrøy, Lars Vikestrand og Kristoffer Vyzantios. Bak f.v.: Ida Langeland, Lisbeth Løklingsholm, Juli-Janne Gåsdalen, Celine Enes og Elisabeth Hellesøy.



## Verdige vinnarar



### Seniorprisen til Liv og Leiv Stokken

5. oktober mottok Liv og Leiv Stokken seniorprisen i Stord kommune. Ordførar Gaute Epland stod for utdelinga under Stord elderråd sin årlege eldredag i Stord kulturhus. I grunngevinga for prisen, står det blant anna at ekteparet har vist stor omsorg og omtanke for menneska rundt seg. Dei er framleis aktive i diakonalt arbeid. Dei har besøkt folk, og invitert personar heim til seg. Lista over dei som har hatt besøk av Liv og Leiv er lang, og dei har vore til stor hjelp for mange.

Dei har begge vore aktive i mange ulike samanhengar i arbeidet i Leirvik bedehus. Liv og Leiv kom til Stord i 1977. Leiv var i mange år med i styret for Stord Indremisjon, fleire år som leiar. Han er medlem i styret for pensjonistlaget i Leirvik bedehus, der han også har vore leiar i mange år. Liv har vore leiar for Stiftelsen Leirvik bedehus, og har også hatt ansvaret for fellesmøte ein gong i året.



### Eldsjelprisen til Haldis Bakke

I 1978 kom Haldis Bakke til Jondal. Ho gav seg raskt i kast med barnearbeid i bedehuset. Det vart starten på Ving-arbeidet, der Haldis har vore engasjert leiar i alle år. Haldis har vore engasjert på fleire frontar, men bedehuset er nøkkellord i arbeidet. Ho har bidratt til sterk utvikling og vedlikehald, blant anna gjennom julemesser og basarar som skaffar inntekter og er viktige samlingspunkt. Haldis har også vore sentral i organiseringa av minnesamver.

Ikkje nok med det, ho har også vore med i styret i skulemusikklaget, engasjert i Handverksmessa, og har vore medlem og leiar i soknerådet. På toppen kjem ein stor innsats for kvinne- og familielaget og diverse velferdstilbod. Ho var sjølvskreven styremedlem og motivator då frivilligsentralen var i støypeskeia for sju år sidan.

Ordførar Jon Larsgard delte ut eldsjelprisen under landsbydagen i Jondal i sommar. Føremålet med prisen er å synleggjera frivillig innsats som stimulerer trivnad og utvikling.



# Mi trushistorie

I 1979 vart det fødd ei lita jente hjå Kåre og Målfrid Berge på toppen av Luren i Ølensvåg. Anne Laurentse Berge traskar sine første steg her oppe, og stega som følgde dei neste 16 åra av sitt liv. No heiter ho ikkje lenger Berge og held heller ikkje til i Ølensvåg lenger. No er det nok Anne Ljosdal dei fleste kjenner ho som. Med mann og tre born held ho no til på Langevåg, eller «søra Bømlo».

## Trygg oppvekst i Ølensvåg

I oppveksten er det naturleg å følgja Jesus, dei fleste i vennekretsen og på skulen var med i det kristne arbeidet. Anne har vore mykje på både bedehuset og i kyrkja. *«Me budde jo også like i nærleiken av Lundeneset vidaregåande skule som har vore til stor velsigning for ei relativt lita bygd. På Lundeneset fekk eg gå i jentelag i heimane til dei tilsette der medan gutelaget samla seg på sjølve skulen. Kvar gong me skulle samlast til jente- og gutelag kom Lundenesbussen rundt og plukka oss opp og fekk oss heim att.»*

Når Anne no ser tilbake på barneåra i Ølensvåg tenkjer ho også på lærarane sine på barneskulen. Fleire av lærarane der var kristne og også aktive i kristent borne- og ungdomsarbeid. Dei formidla eit kristent verdisyn, ikkje berre i religionsfaga, men i praksis som leiarar i kristent arbeid.

## Tryggheim

Når Anne gjekk siste året på ungdomsskulen ville ho gjerne flytte vekk. Mor nekta å senda ho på hybel, men på Tryggheim kjende Anne nokre som var eit år eldre og det vart godkjend av mor. Dermed blei det Tryggheim. *«Eg er veldig takknemleg for miljøet på Tryggheim. Heime i Vågen var me ikkje så mange, men på Tryggheim var det eit stort, kristent ungdomsmiljø. Her var det møter, og ikkje minst møteveker, som var for ungdommar. Åra på Tryggheim førte til ei bevisstgjering av trua.»*

## Ut i verda

I 1998 var vidaregåande fullført og Anne flytta til Bildøy Bibelskule på Sotra utanfor Bergen. I løpet av året på Bildøy så fann ei venninne ut at ho gjerne ville vera eittåring i Indremisjonen og reisemålet vart Finnmark og Vestre Jakobselv. Det var berre det at ho ikkje ville reisa åleine. – Eg kan vera med! Og vipps så vart Anne eittåring i Finnmark.

Så gjekk ferda til Bergen for å utdanna seg som lærar. Det siste året på lærarutdanninga ved NLA pakkar Anne sekken og reiser like godt til Mali i Afrika for å ta siste praksisen der. Med seg heim fekk ho pakka med seg nokre gode minner og ein ektemann.



## Frå Ølensvåg til Langevåg

Sumaren 2004 gifta Anne seg med Bjørn Kjetil Ljosdal og planla å busetta seg på Stord. På Bildøy blei Anne kjent med Hanne Synnøve og Andreas Tislavoll. Dei budde på Langevåg på Bømlo og ein kveld dei var på besøk der blei det snakk om huskjøp. Det var dyrt på Stord og det blei fleipa med at dersom dei ville ha billig hus måtte dei flytta til Langevåg. Det førte til at dei køyrde rundt og såg på husa som låg for sal. Der fann dei eit hus som freista. Eigaren blei ringd og det vart invitert til visning dagen etter. Ein måndag i september, dagen etter visninga, blei huset kjøpt.

## Den som ingen krefter har

Dei seinare åra har Anne måtte læra seg å leva med utmatting og fekk for fem år sidan ein diagnose på sjukdommen.

*«Ein sit jo med eit ynskje om å strekja til, om å gjera det ein har lyst til og ha energi nok til både seg sjølv og familien. Det å då oppleve at kreftene tek slutt kan kjennast urettferdig.»*

Anne har aldri klandra Gud for sjukdommen, men har funne kvila. I ein kvardag med tre aktive born er det ikkje alltid kreftene strekker til og at ein orkar å lese stort i Bibelen eller vera uthaldande i bøn. Anne har funne si kvile i Jesus. *«Eg er veldig glad for at eg ikkje har ansvar for alt som skjer, at nokon som er større enn meg har kontroll. Eg er takknemleg til Gud for at eg skal få vera hans barn, og i dagar utan krefter gir vissheita om at Jesus alltid er der kvila.»*

## Gud har kontroll

Me sit i sofaen heime hjå Anne og ler litt av det som har ført ho hit. Det ser ut som ei lang liste med tilfeldigheter og spontane val, men Anne trur ikkje på tilfeldigheter. Born- og unge i Langevåg har fått merka betydinga av hennar impulsive huskjøp. Anne har vore med å leia både søndagsskule og barnekor. I dag er ho leiar for UFO (ungdomsarbeidet på bedehuset). Denne kvelden får Anne besøk av eit par andre på bedehuset og då skal det planleggast noko nytt. *«Eg drøymmer om at bedehuset skal vera ein trygg base for barn og unge i bygda vår. Ein stad det er godt å vera. Fleire i bygda må få høyre om Jesus og då må me gjera terskelen så lav me kan.»*

Arrangementet som planleggast denne kvelden skal forhåpentlegvis bidra til dette, ikkje berre for borna, men for alle.



# Livet på Sunnbok



Det er alltid kjekt med ein svipptur innom Sunnbok, både for å helse på beteninga og kikka på nykomne bøker – og aller helst kjøpa også då. Dagleg leiar Silje Fyllingen fortel at dei ikkje har hatt dei store gode arrangementa som i fjor, Barnas dag blant anna. Dette viser igjen i rekneskapen. Dei har meir måtta stola på den gode jevne straumen. Meir enn nokon gong er det viktig å spre kristen litteratur. Me kan senda bøker også om det er behov, påpeikar Silje.

Sist veke var ei kjekk veke. Då solgte me 50 bøker av Per Arne Dahl på ein dag. Dahl var på besøk i Sunnhordland i samband med jobbseminar for næringsliv og kyrkje, samt besøk til Fitjar kyrkje om kvelden. Det er kjekt når forfattarar aller helst vil selja gjennom lokal butikk.

*Me har kjekke arrangement i vente. Så håpar me på godt førjulssal. Me er også å finna på fleire julemesser, fortel Silje.*

[www.sunnbok.no](http://www.sunnbok.no)



## Sårbarhetens kraft

I denne boken reiser tidligere Tunsberg-biskop Per Arne Dahl et spørsmål han mener er svært sentralt i vår tid: Er det rom for sårbarhet i en verden der den sterkeste som oftest trekker det lengste strået? Ja, mener forfatteren, som understreker at sårbarhet ikke er svakhet, men at sårbarheten tvert imot kan gjøre oss både sterkere og klokere.

## Skjør stillhet

Hvordan kan man finne den gode stillheten, den som får oss til å se klarere og bli mer oppmerksom på det som er viktigere enn alt?

Jostein Ørum gjør en reise til tolv steder med et ønske om å vinne tilbake den tapte stillheten. På disse stedene treffer han mennesker som inspirerer til å gi stillheten rom og rammer. Han finner mange perler og paradokser. Framfor alt oppdager han at stillheten er vakker, men skjør.



Ver med og gi di støtte til oppussingsprosjektet!  
**v:pps**  
Vipps-nummer: 116758  
Kontonr.: 8220.02.80470

14 av dei 25 romma i internatet er ferdig renovert! Dei neste fire romma er under oppbygging igjen. Vil du bli med og støtta prosjektet vidare økonomisk, set vi stor pris på det! Vi takkar også for økonomisk støtte til renoveringa så langt.

**SunnBok**

Torgbakken 10 - Stord  
Tlf.: 534 12 001



# Skal vera med å sørgja for at alle trivest

Asbjørn Petterteig Mo er ein av tre miljøarbeidarar på Framnes. Opprinneleg kjem Asbjørn frå Malvik utanfor Trondheim. Frå åttande klasse og oppover har han vore mykje på leir på Brandøy. Mora kjem frå Stord og var sjølv der på leir i unge år. På leir fekk han smaken på eit godt miljø som han trivdest i. Her møtte han gode leiarar som blei kristne førebilete. Andre og tredje klasse vidaregåande var Asbjørn elev på Framnes. Etter eit halvt år på bibelskule, og eit halvt år på folkehøgskule, er han altså tilbake igjen på Framnes, no som miljøarbeidar.

## Kva oppgåver har du?

- Eg skal vera med å sørgja for at alle trivest. Eg skal sjå ungdommane og vera med dei. Me miljøarbeidarar arrangerer også ulike ting; turneringar, film- og kafèkveldar m.m. Me har ansvar for fleire møte og bibelgrupper. Rundt 120 ungdommar er no med i bibelgrupper. Så har me ansvar for KRIK torsdagar, og har tilsyn i ny og ne.

## Kva var motivasjonen for å starta som miljøarbeidar?

- Leiarane på leir var viktige. Så såg eg også korleis miljøarbeidarane her på Framnes bidrog til eit betre fellesskap. Eg har hatt gode år her. Så hadde eg lyst å gi noko tilbake til andre av alt det gode eg hadde fått sjølv. No lever eg draumen! Det er veldig kjekt her. Det gir meg mykje å vera med elevane. Samtidig håpar eg sjølv sagt også at eg får gitt noko tilbake, seier Asbjørn.

## Visjon:

Framnes kristne vidaregåande skule er ein inkluderande skule og heim der alle trivest, blir møtt med tillit og respekt og får venter for livet. Elevane opplever personleg vekst, fagleg utvikling og eit godt åndeleg fellesskap.



Asbjørn Petterteig Mo

## NATTCUP 2019

Laurdag 26. oktober var det for 18. år på rad klart for Nattcup i innebandy i Husneshallen. Det er ungdomsarbeidet på Husnes bedehus (KRIK og Nattcaféen) som, saman med kyrkjekontoret, står for dette kristne, rusfrie ungdomsarangementet.

Meir enn 250 personar var innoft Husneshallen denne kvelden, og av desse var ca 80 med i sjølve turneringa. I år var det 11 lag påmeldt til turneringa. Dette er litt færre enn tidlegare, og den elste klassen for 1. vg og oppover måtte dessverre gå ut dette året. Me satser på at det ordner seg til neste år igjen. :-)

Det var stor stemning og stort engasjement under kampane, og i programdelen mellom innleiande gruppespel og sluttspillet hadde Hartvig Kloster og Hermond Berhane eit flott opplegg. Gjennom trylletriks og maling m.m. formidla dei budskapet om Jesus på ein svært så kreativ og fengande måte.

På Nattcupen blir det og lagt stor vekt på den sosiale biten rundt turneringa. I cafeen kunne ein sette seg ned og prate med folk, kjøpe seg heimelaga pizza, brus, sjokolade, kule-is m.m. og ein kunne teste ut FIFA20 på Playstation 4.



Me vil få seie tusen takk til alle som stilte opp og gjorde dugnad i cafeen og som vakter og ansvarlege rundt forbi. Tusen takk til alle som hjalp til både før, under og etter cupen! Og nok eit år må eg få nemna eit fantastisk raust næringsliv som gjer det mulig for oss å gjennomføre denne storsatsinga år etter år!

[www.kriknattcup.no](http://www.kriknattcup.no)





# Helsing frå

# Framnes

Kristne Vidaregåande Skule

**I skrivande stund** skin sola over Folgefonna som ligg der med eit meldryss av snø over seg. Ikkje mykje kan måle seg med Hardanger i sol – korkje i sommarhalvåret eller vinterhalvåret! Ja, for det merkast at me er på veg inn i vinterhalvåret. Kuldegradene har gripe tak natters-tid – snøfillene har dansa lystig i høgareliggjande strøk og den litt kalde «snoen» som er velkjent her på tunet, kjennes godt til tider.

**Ved oppstart i august** var det 264 elevar som kom. Dette talet har ikkje endra seg! Me er velsigna med stabilt elevtal til denne tid! Det er overfulle klassar i både vg1 og vg3. I vg2 er det litt romslegare. Det er vel 40 heimebuande elevar, resten på internata. Så det seier seg sjølv at det er mykje lyd og aktivitet her på tunet!

**Me har i år satsa** mykje på å bli meir aktive på sosiale media, slik som Instagram og Snapchat – forutan å ha ei god heimeside og Facebookside. Her har fleire av tilsette blitt utfordra på ymse vis – og spenninga har stige frå steg til steg. På den måten kjem ein i kontakt med ungdom på ein platt-

form der dei beveger seg. Rektor tok utfordringa og tok salto rett i sjøen mandag 14. oktober. Ikkje nett sydentemperatur. Følg oss på Instagram: framneskvgvs!

**Russen bestemte seg for** prosjektet «Mission without borders» - arbeid blant urbefolkninga Mangyan på Filippinane. Nyleg var leiarane for årets prosjekt Isak Hystad, Hanna Vae og lærar Herdis Austevoll avgarde for å besøkje arbeidet. Dei var storleg imponert over det direkte arbeidet med bl.a. å få sanitæranlegg til landsbyane. Spedbarnsdødeligheten har gått merkbar ned etter at ein fekk lagt inn slike anlegg. Sjå lenka <http://www.missionwithoutbordersphil.com> om arbeidet.

**Laurdag 2.11.** hadde me Foreldredag. Det store var også Misjonsløpet – der elevane (og nokre av dei tilsette) ordnar seg med sponsorar, enten fastbeløp eller pr runde ein spring. Her var det fleire som tente inn gode pengar! Før om åra har russen samla inn over millionen – og ein ser ikkje vekk frå at årets russekull vil toppe dette.

Sommardrifta er populær og elevstevnet, Evangelisten, KRIK-leir og ETHNOS nøyt gode dagar her på tunet. Neste år skal også IMS sitt Årsmøte avviklast her.

**Me har lenge visst** at nytt ventilasjonlegg måtte til i Hovedbygget, Austheim. No er det blitt alvor. Arbeidet er i full gang med bygging av nytt ventilasjonshus i enden av bygget, nede ved grusbanen. Det har vore skote i fjell, bora i betong, tredd på røyler osv. osv. Me valde å stenge matsalen i 4 veker – flytta all servering opp i Peisestova. Dette har fungert overmåte bra. Kjøkkenpersonalet har vist eit utruleg velvilje og pågangsmot for å få dette til. Elevane er storfnøygde også! Denne vøla skal også til i klasserom – så i sommar gjorde me om gymsalen til 3 foreløpige undervisningsrom som vert nytta i denne fasen. Arbeidet er jo ikkje lydlaust, men det har gått for det meste bra. Alle er innforstått med at alt blir bra til slutt!

*Dei beste helsingar frå oss på Framnes*





Med ynskje om ei velsigna god julehøgtid!

Deilig er jorden, prektig er Guds himmel,  
skjønn er sjelenes pilgrimsgang,  
Gjennom de fagre riker på jorden  
går vi til paradiset med sang.

Tider skal komme, tider skal hennulle,  
slekt skal følge slekters gang,  
Aldri forstummer tonen fra himlen  
i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den, først for mørkens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød.  
Fred over jorden, menneske fryd deg,  
Oss er en evig Frelser født.



**ims**  
Indremisjonssamskipnaden

**BRANDØY**  
Misjons- og konferansesenter

**Helgatun**

**Framnes** SunnBok  
Kristne Vidaregåande Skule

## Reiseruta desember, januar og februar

Reiseruta er fortsatt under utarbeiding, så meir vil koma til.

### Marit Hårklau Ådnanes

05.12. Nordbygda  
06.12. IMS-styremøte  
28.01. IMS-styremøte  
29.01. Jondal  
30.01. Ressursgruppetreff Hardanger  
02.02. Laurhammer  
16.02. Halsnøy  
23.02. Fitjar

### Kåre Johan Hamre

01.12. Voss  
04.-05.12. Granvin  
12.12. Huglo  
13.12. Stranda  
15.12. Fitjar  
22.12. Steinsdalen  
05.01. Laurhammer  
10.-12.01. Helgatun  
13.+15.-16.01. Granvin  
24.-26.01. Fosse og Børsheim  
27.01. Granvin  
31.01.-02.02. Tørvikbygd  
09.02. Voss  
10.+12.-13.02. Granvin  
20.02. Utbjoa  
21.-23.02. Brandøytreff  
24.02. Granvin  
27.-01.03. Odda

### Marit Andresen Røen

29.11.-01.12. Juleverkstadleir Helgatun  
24.+26.01. Jondal?  
25.01. Lothe og Alvsaker  
07.02. Horneland  
09.02. Øystese  
16.02. Huglo

### Johannes Olsen

29.11.-01.12. Juleverkstadleir Helgatun  
22.12. Horneland  
28.12. Gilje  
23.01. Huglo  
06.02. Halsnøy  
07.-09.02. Skileir Helgatun

### Eirik Stensland

29.11.-01.12. Ten-helg Brandøy  
06.-08.12. Adventshelg Brandøy  
29.12. Meling  
16.02. Laurhammer  
16.02. Sagvåg

### Lise Marie Thuestad Litlabø

01.12. Hiskjo  
01.12. Gilje  
22.12. Laurhammer  
29.12. Jondal  
12.01. Leirvik  
07.-09.02. Damehelg Brandøy  
23.02. Moster

### Olav Eikemo

01.12. Guddalsdalen  
24.-26.01. Omvikdalen  
09.02. Os  
09.02. Søfteland  
14.-16.02. Fosse og Børsheim  
27.02. Vikebygd

### Jorunn Eikemo

14.-16.02. Fosse og Børsheim

### Arne Lindekleiv

26.12. Gilje

### Liv Rolfsnes

04.12. Auklandshamn

### Toralf Steinsland

12.01. Os  
15.-16.01. Osterneset  
02.02. Gilje

### Ola Malvin Lomheim

27.12. Huglo  
12.01. Håvik  
17.01. Osterneset  
05.02. Neset

### Kenneth Foss

08.12. Os  
12.01. Moster  
24.-26.01. Øystese

### Roald Evensen

21.-23.01. Tysnes  
05.-09.02. Børnlo  
09.02. Bremnes Kyrkje  
19.-23.02. Uskedalen

### Johnn Hardang

29.01. Tysnes  
05.02. Tysnes  
12.02. Tysnes

### Tor Ingvald Lauvrak

04.-08.12. Vågen  
28.01.-02.02. Framnes  
02.02. Norheimsund

### Bibelskuleteamet

16.-17.01. Husnes  
19.01. Gilje/Laurhammer

### Marit S. Berland

05.-09.02. Skånevik

### Håkon Garvo

12.-16.02. Øvrebygda

### Håkon C Hartvedt

02.02. Fitjar  
16.02. Gilje

### Ove-Kjell Sakseid

28.-29.02. Uggdal

### Åstrid Aase

14.02. Gilje

### Ingebrigt S Sørfonn

02.02. Husnes

### Svein Bjarne Aase

01.12. Leirvik  
29.12. Moster

### Gunnar Ferstad

08.12. Horneland  
08.12. Søfteland

### Solveig Norheim

01.12. Fosse og Børsheim

*Med Guds ord til folket*

**Sommarens Storsamling**  
Framnes - Norheimsund, 19.-21. juni 2020



B



NORGE P.P. PORTO BETALT

# PÅ TAVLA

**Vintermøte**  
Bremnes kyrkje  
09. februar

Roald Evensen  
Lokale songkrefter

LIK OSS PÅ  
**facebook**



**Barnehelg** Julen 2019

Bestill her:  
56 31 42 40 eller  
barnehelg@imf.no  
kr 45,- pr. blad,  
rabatt ved kjøp av  
flere enn 5 blader.

Indremisjonssamskipnaden inviterer til  
**Forsamlingskonferanse**  
Norheimsund Bedehus  
Laurdag 7. mars kl. 1100 - 1700

Marit Härklau Ådnanes, Johannes Olsen,  
Gunnar Ferstad og lokale bidragsytarar

Pris kr. 300,-

Påmelding innan tysdag 3. mars til  
[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)

Velkommen til

**HELGATUN**

**VINTERFERIE**  
23. FEBRUAR – 01. MARS 2020

**KOMBILEIR**  
03. – 07. APRIL 2020

**PÅSKEOPPHALD**  
08. – 13. APRIL 2020

Påmelding: Helgatun tlf. 56 51 98 98    mail: [helgatun@helgatun.no](mailto:helgatun@helgatun.no)

**Brandøytreff**  
-leir tilrettelagt for voksne med utviklingshemming-  
21.-23. februar 2020


Påmelding:  
[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)

**Damehelg Brandøy**  
7.-9. februar 2020

Vandring

**SKILEIR**  
Helgatun  
7. - 9. februar  
Kr. 850,-  
(heiskort og reis kjem i tillegg)

SJÅ [INDREMISJONEN.NO](http://INDREMISJONEN.NO) OG KLIKK DEG INN PÅ LEIR FOR PÅMELDING



**Sommarens Storsamling**  
Framnes - Norheimsund  
19. - 21. juni 2020

[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)